

## Referat Årsmøte 2015

### **1) Godkjenning av innkalling**

Innkallinga vart godkjent.

### **2) Godkjenning av sakliste**

Saklista vart godkjent.

### **3) Val av møteleiar**

Siv Merete Stadheim vart vald som møteleiar.

### **4) Val av to møtesekretærar**

Sara Marie Ytreøy og Arnfrid Bergheim vart vald som møtesekretærar.

### **5) Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Dag Eliassen og Trygve Nybø signerer møteprotokollen.

### **6) Godkjenning av Årsmelding for 2015**

Årsmeldinga vart godkjent.

### **7) Godkjenning av Rekneskap for 2015**

Årsrekneskapet for 2015 vart godkjent.

### **8) Val av:**

- a) – leiar
- b) - tre styremedlemmar
- c) - to varamedlemmar  
– revisor

#### Valnemda la fram sitt framlegg:

Framlegg om gjenval av Siv Merete Stadheim som leiar i Flora Turlag.

Ane Eliassen og Espen Skalle tek gjenval.

Kjetil Tveranger tek ikkje gjenvalg. Framlegg om Arnfrid Bergheim som nytt styremedlem.

Framlegg om Ronny Berg og Per Vidar Ottesen som nye varamedlemmar.

Framlegg om Anne Karin Havn Vasby som revisor.

Valnemda sitt framlegg vart godkjent.

### **d) - to utsendingar til Sogn og Fjordane Turlag sitt årsmøte**

Styret vel to utsendingar til S&FT sitt årsmøte.

### **e) - 1 medlem til valnemnda**

Sissel Strømmen valt som nytt medlem i valnemnda.

### **9) Val av nestleiar:**

- a) Veljast blant styret sine medlemmar.  
Knut Broberg valt som nestleiar i Flora Turlag.

## **10) Innkomne saker:**

- a) Ingen saker.

## **11) Handlingsplan og turar for 2016**

- a) Sjå saksvedlegg side 11

Gjennomgang av handlingsplan for 2016. Innspel om at Flora Turlag bør delta på Kystdagen på kystmuseet. Deltakinga på Kystdagen 2016 leggast inn i handlingsplanen.

Antal deltakrar på tysdag- og onsdagsturar har gått ned. Her bør ein tenke litt nytt og prøve å få med fleire nye deltakrar.

Kan nedgang i antal turdeltakrar skuldast at ein ikkje annonserer i Firdaposten? Innspel frå årsmøtet om å annonserer i Firdaposten t.d. ein gong i månaden, der ein også viser til nettsida for å drive trafikk til den. Ein bør også bruke Kystpuls til å informere om turane.

Innspel om at ein setter opp fleire tilsynspersonar som har ansvar for hyttene, spesielt for Kinn pga mange besökande. Kan også vere aktuelt for dei andre hyttene.

Ein har to kontoar med bundne midlar. Kva kan vi bruke desse midlane til? I si tid var det sett av ein pott til bygging av ei ny hytte i rutenettet frå bre til hav. Den største potten kan brukast generelt på hyttene som eksisterer i dag (t.d. vedlikehald).

Flora Turlag bør følgje opp kommunale planar i fht naturvern og planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Friluftsliv kjem til å bli større vektlagt frå fylkeskommunen, og her er det også ein pott der det er mogleg å søke midlar.

Innspel om at Flora Turlag bør inngå eit samarbeid med Innvandrarsenteret om lavterskulturar.

Det kom forslag om å sette ned ein jubileumskomite for å planlegge korleis ein skal markere Flora Turlag sitt 40-års jubileum i 2016.

Handlingsplanen vart godkjent.

## **12) Fastsetting av losji prisar for 2016**

### Forslag til vedtak:

Flora Turlag følgjer DNT sine prisar og reglar på hyttene.

Framlegg om å følgje DNT sine prisar og reglar på hyttene vart vedtatt.

**13) Fastsetting av turavgift for 2016**

- a) Sjå saksvedlegg side 13

Framlegg til turavgifter vart vedtatt.

Styret skal sjå på betalingsløysingar som kan brukast på turane (t.d. kortbetaling).

**14) Godkjenning av budsjett for 2016**

- a) Sjå saksvedlegg side 14

Framlegg frå årsmøtet om at ein setter opp ein inntektspost for kurs på kr 10.000.  
Budsjettet vart godkjent.

**Florø, 30.november 2015**

---

Sara Marie Ytreøy  
- møtesekretær-

---

Arnfrid Bergheim  
- møtesekretær-

---

Dag Eliassen  
- signatur møteprotokoll -

---

Trygve Nybø  
- signatur møteprotokoll -